



Referat frå FAU-møte 14.03.2024

Møtt: Tore Ragnhild Heia, Monica Bolstad Hagen, Frode Hagerup, Ole Morten Haaland, Ole E. Amundsen, Karen Kverneland Thommasen, Kenth Magne Åsebø-Trodal, Gerd Rusdal, Svein-Inge Leikanger
Forfall: Ingen

Sak 20 23/24: Gjennomgang/innspeil Skulebruksplanen 2024-2032

FAU på Frøyland ønsker meir ressursar til skulane. Kommunen må sikra at skulane har ressursar til å ta vare på alle elevane, slik at knappheit ikkje går utover læringstilbudet. FAU er positive til å sjå på den overordna skulestrukturen, og for Frøyland sin del særleg det å samarbeida med Klepp kommune og Orstad ungdomsskule.

FAU meiner det er bra å halda på fritt skuleval i Time kommune. For Frøyland er det tydelege grenser innad i kommunen, men ei opning for å velja skule på tvers av kommunegrenser kunne vore positivt for bygda.

Sak 21 23/24: Elevundersøkinga orientering

Motivasjon har gått nedover for Frøyland over dei siste fem åra. Skulen er teoritung, og det kan påverka motivasjonen for elevar som er praktisk retta. Skulen konkurrerer òg med andre aktivitetar, som gir meir umiddelbare resultat. Variasjon kan hjelpa mot fallande motivasjon. Alle tal utanom mobbing er innanfor +-0,1 poeng mot både snitt for Time kommune og nasjonalt. Mobbing er lågare for Frøyland enn snitt, men relativt store skilnadar på trinn. Olweus blir opplevd som positivt av skuleleiinga – inkluderer mellom anna sterkare vakthald ute i friminutta. Gode foreldregrupper har tilsynelatande positiv effekt på mobbetal. Godt samarbeid mellom lærarar blir opplevd positivt at foreldregruppa.

Foreldreundersøkinga har òg gode resultat for Frøyland. Svarprosent på cirka 50 % for heile skulen, enkelte trinn endå høgare. Undersøkinga har gått ut til begge foreldre.

Sak 22 23/24: Tilbakemelding på spørsmål stilt ifm. Skolens innføring av nytt reglement vedrørende telefon opp mot retningslinjer for ordensreglement Udir 08-2014

Skuleleiinga har vore i kontakt med departementet om dette, og blitt vist til eit svar gitt på spørsmål i Stortinget. Resultatet er at skulen planlegger å endra regelen til ei anbefaling, og vidare opna for at mobilar og klokker kan leverast inn i resepsjonen ved skulestart og så bli henta ut igjen ved skuleslutt.

Sak 23 23/24: Tilbakemelding lokale for 17. mai-komité

For 17. mai hadde det vore fint å ha ein plass å gå inn for å varma seg. Dårlege erfaringar med utleige av kjøkken til andre aktørar tidlegare, og skulen ønskjer ikkje å prøva dette igjen. Skulen er opne for å vurdera lån av aulaen. Leiar av 17. mai-komité og konstituert rektor skal halda fram dialogen.

Sak 24 23/24: Påminning om køyring på skuleplassen

Påminning om at å køyra på skuleplassen ikkje må skje. Skuleleiinga tek ansvar for å informera personale og leigetakarane.

Ref: Ole Morten Haaland